

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 14. september 2016

Stad: Seminarrom 301 i tredje høgda av HF-bygget

Frammøtte:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Kari E. Haugland (engelsk), Margery Vibe Skagen (fransk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk/kinesisk), Brita Bryn (russisk), Kari Soriano Salkjelsvik (spansk), Sissel Lægreid (tysk) og Åse Johnsen (instituttleiar)

Frå gruppe B: ingen møtte

Frå gruppe C: Hild Meland Rød

Frå gruppe D: Kari Johnsen Skjelvik, Birgitte Vågnes Bakken og Aleksander Tenvik Bergli.

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug møtte som referent.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 8. juni 2016

Godkjent utan merknader. Referatet ligg her, saman med andre innkallingar og referat frå rådet:

<http://www.uib.no/fremmedsprak/25322/institutr%c3%a5de>

Sak 3 – orienteringssaker

- a) Johnsen orienterte om vedtaket i fakultetsstyret om å redusera timeutteljinga for arbeid i stillingskomitear (fakultetsstyret 6.9.16).
- b) Johnsen orienterte om arbeidet med HF-2018.

Sak 4 – økonomien ved instituttet

Johnsen og Uthaug orienterte om økonomien ved fakultetet og instituttet. Soriano Salkjelsvik streka under at instituttet må leggja vekt på studiekvaliteten når desse spørsmåla er oppe til drøfting, og at det er viktig at reduksjonane i undervisninga må forståast som mellombelse.

Sak 5 – arbeidsmiljø- og klimaundersøkinga ARK

Johnsen orientert om arbeidsmiljøundersøkinga ARK og det vidare arbeidet med denne kartlegginga. Det vart vist til e-posten verneombodet ved IF sende ut 13.9 om ARK og om HMS-møtet 30. november.

Sak 6 – Bruken av eksamenssensorar ved instituttet

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet set ned ein komité som greier ut spørsmålet om bruken av ein eller to sensorar til eksamenar ved instituttet. Silje Grønner Stang, Lene M. Johannessen, Kjetil Berg Henjum og Margje Post sit i komiteen. Innstillinga frå komiteen blir drøfta i UUI og deretter lagd fram til vedtak i instituttrådet.

Spørsmålet om bruken av to eller ein sensor blir lagt fram til vedtak i instituttrådsmøtet 16. november i år.

Sak 7 – Ymse

Ingen saker.

Åse Johnsen,
instituttleder

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef